



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As
Hagellia 6
5914 Isdalstø

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/10604 - 23/57221

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
06.07.2023

Igangsettingsløyve 2 for tilbygg og avkøyrse - NGIR gbnr 176/28 Spurkeland

Administrativt vedtak: Saknr: 735/23
Tiltakshavar: Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap Iks
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a) jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av resterande delar av tiltaket unnateke murar og heis for oppføring av tilbygg til administrasjonsbygg for NGIR med parkering på eigedom gbnr 176/28 Spurkeland. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 14.06.22 med vilkår gjeld for tiltaket.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg vassanlegg.
2. Kopi av serviceavtale for utsleppsanlegget.
3. Vilkår i mellombels dispensasjon for parkeringsløyving skal være oppfylt. Mellombels dispensasjon for etablering av 36 p-plassar er gjeve fram til 14.06.24.

Då det er regulert inn arealføremål for parkering, så er det denne parkeringsplassen som skal byggjast ut i planen. Dersom den regulerte parkeringsløyvinga av ulike årsaker ikkje lar seg gjennomføra, må endra parkeringstilhøve vurderast i samband med endring av reguleringsplanen.

Dokumentasjon på etablering tilstrekkeleg tal parkeringsplassar skal sendast inn.

- 4. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.**
- 5. Dokumentasjon for gjennomført avfallsplan skal sendast inn.**

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av resterande delar av tiltaket unnateke murar og heis.

Kommunen har i vedtak av 14.06.22 gjeve rammeløyve.

Det ble gjeve IG1 for grunn -og terrengarbeid, plasstøpte betongkonstruksjonar, montering av bærande metall og betongkonstruksjonar, tilrettelegging av utvendig VA-installasjonar, utsleppsanlegg den 5.05.23.

Det er motteke revidert situasjonsplan datert 5.07.23 med påvist avstand frå parkering til vegmidte og 10 sykkelparkeringar.

Det vert elles vist til søknad motteken 06.07.23. Utsleppsløyve for minireinseanlegg ble gjeve i sak 23/3009 den 26.04.23.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett når den vart motteken og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 2.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast

skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/10604

Med vennleg helsing
Alver kommune

Larissa Dahl
Rådgevar

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nordhordland og Gulen
Interkommunale
Renovasjonsselskap Iks

Lindåsvegen 5956
1260

HUNDEVIN

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit &
Carlsen As

Hagellia 6

5914

Isdalstø